
Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: 29. mars 2017 17:08
Til: Tore Johan Erstad
Kopi: 'Navar Eienedom'; Ingrid Raniseth
Emne: Kvernbit fotballhall Fossemyra
Vedlegg: kunngjering - 1 - 661 - 220217 - rev 290317.doc; kunngjering - 661 - 220217.doc; reguleringsveileder 2017 klipp side 60.pdf; reguleringsveileder 2017 klipp side 21 - 23.pdf; Forslag til annonsetekst (Meland kommune 270217.docx)

Vedlagt sender eg :

- Mitt utkast til kunngjering datert 22. 2. 2017
- Kommunens utkast av 28. 2. 2017
- Mitt reviderte utkast datert 29. 3. 2017

Vidare legg eg ved klipp frå reguleringsplanveileder 2017 (sidene 21-23 og side 60), med viktig info om samarbeid mellom plan og byggesak og sakshandsaminga : avgjerande i spørsmålet om offentleg kontra privat plan og tilhøyrande gebyr er om det aktuelle tiltaket gjeld offentlege eller kommersielle interesser, dvs. om det offentlege involvert på finansieringssida direkte eller indirekte.

Kommunen krev i sitt utkast av 28. februar at eg kunngjer at

- Tiltaket krev ei formålsendring
- Naboar og aktuelle grunneigarar er varsla tidlegare
- Tilbakemelding gjennom varsling vil avgjere dette
- Eg kan gje meir informasjon

Dersom andre enn kommunen skal informera om relativt intrikate juridiske/historiske tema, må kommunens tolking av lover, planar og prosessar relatert til saka samanfattast i eit kvalitetssikra dokument som informanten kan visa til (og som kommunen i neste omgang kan leggja til grunn for den formelle sakshandsaminga).

Dersom ein skal få inn kunngjering i NH avis laurdag fk, må dette rekvirerast tidleg fredag.

Eg for min del vil rå til at ein no aventar eventuell kunngjering og prioriterer infomøte med naboane (i kveld) og deretter orienteringsbrevet som med fordel kan formulerast som eit nabovarsel i byggesaka kombinert med varsel om eventuell reguleringsendring.

Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg. 7B
5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55 59 82 62
mob 907 88 921